



Jens Ripel
Vikjo 49

5464 Dimmelsvik

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Grethe Sandvik	918 99 796	2021/112-3		04.02.2021

Svar vedr Kommunal veg - snuplass - 112/112 - Vikjo, Dimmelsvik

Viser til ditt brev av 07.01.2021 som gjeld snuplassen i enden av vegen i byggefeltet på Vikjo i Dimmelsvik.

Når det gjeld parkering i vegkryss, så gjeld følgjande reglar:

Det er ikke lov å stanse i et veikryss eller nærmere enn 5 meter fra veikrysset fra det punktet hvor fortaukant, kantlinje eller veikant begynner å runde.


Hensynet bak 5-meters regelen er at den som parkerer ikke skal hindre sikt for andre kjørende eller gående i krysset.

Dette gjeld sjølvsagt også for all type parkering, og gjesteparkering i krysset må ikkje førekomme. Denne regelen gjeld sjølv om dette er eit T-kryss, og særlig sidan dette krysset også er i enden på kommunal veg og vert nytta som snuplass.

Ut frå reguleringsplan for gnr. 112 bnr. 112 m.fl i Dimmelsvik godkjent av kommunestyret så ser eg følgjande:



Eg ser at sak om bygging av garasje på din eigedom har blitt behandla i fleire byggesaker, og at du i bygningsrådsak 566/81 fekk dispensasjon til oppføring av garasje heilt i grensa mot kommunal eigedom, 112/112, felles veg . Ut frå saka så ser eg at du med dette har ein oppstillingsplass for bil i innkøyrsele, og ein parkering i garasjen. Garasjen blei utstykke 4.3.1982.



Ut frå reguleringsplan og ut frå søk i arkiv kan eg ikkje finne at du har fått løyve til å utvide innkjørsla til eigdommen til også å gjelde ein gjesteparkering på nedsida av garasjen. Utkjøring kan vere problematisk bl.a. for sikt til felles veg mm.

Med bakgrunn i dette så vil kommunen ikkje pålegge eigar av 112/119 å endre den del av eksisterande hage, slik du ber om i brevet. Eigar av eigedom 112/119 har i god tro etablert den lille steinmuren i sin innkjørsel tidleg på 1970-talet, og steinane er ikkje i konflikt med godkjent innkjørsel til 112/127.

Kommunen som eigar av 112/112 ser med stor bekymring på at du tar deg til rette i grensa mellom kommunal eigedom 112/112 og 112/129 med privat oppmåling og spreining av blå maling, når eigarar av 112/119 ikkje er til stade. Dette gjeld også ditt engasjement i forvaltning og drift av Vikjo friområde og naustlaget sin eigedom 112/136. Sjølv om du gjer dette i beste meining, så er det ikkje vanskeleg å forstå at dette fører til dårleg stemning i nabolaget.

Gjesteparkering til byggefelt Vikjo skal skje i området vist i godkjent reguleringsplan. Ut frå dokumenter eg har sett på i saka, så skal det vere godkjent reguleringsplan frå 1980-talet i området, der bl.a. tomt 2 er omgjort til friområde. Eg har bedt arkiv om kopi av denne reguleringsplanen, og vil sende den til dykk til orientering så snart den er mottatt.

Med helsing
Kvinnherad kommune

Grethe Sandvik
Saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:
Ståle Jonassen
Mette Guddal

Vikjo 47
Vikjo 51